



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Statsråden

SIVA - Selskapet for industrivekst SF
Postboks 1253 Sluppen

7462 TRONDHEIM

Dykkar ref

Vår ref
12/52-1 KM

Dato
3 FEB 2012

Statsbudsjettet 2012 – Oppdragsbrev

1 Innleiing

Kommunal- og regionaldepartementet syner til Prop. 1 S (2011–2012) for departementet, til Innst. 16 S (2011–2012) og til orienteringsbrevet datert 6. oktober 2011.

I dette oppdragsbrevet gjev departementet rammene til SIVA over kap. 552, post 72. Det inneber at departementet med dette delegerer forvaltninga av denne ramma til SIVA.

Det er utarbeidd eigne retningslinjer for forvaltninga av kap. 552, post 72 (sjå vedlegg 1). Brevet inneheld presiseringar i høve til alle dei dokumenta som er nemnde ovanfor.

Tabell 1. Midlar som blir stilte til disposisjon for verksemda til SIVA i 2012.

Kap.	Post	Namn	Beløp i 1 000 kroner
552	72	Nasjonale tiltak for regional utvikling	83 300

Den samla løyvinga på kap. 552, post 72 er 484,1 mill. kr. Av desse midlane blir 83,3 mill. kr stilte til rådvelde for SIVA. Vedlegg 2 inneheld ei oversikt over rammefordelinga av heile programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk.

2 Overordna utfordringar og prioriteringar

SIVA skal medverke til innovasjon og næringsutvikling gjennom eigedomsverksemd og utvikling av sterke regionale innovasjons- og verdiskapingsmiljø i alle delar av landet. SIVA har eit særleg ansvar for å medverke til å fremje vekstkrafta i distrikta, jf. vedtektenes til SIVA av 30.5.2007.

Statsbudsjettet tek utgangspunkt i St.meld. nr. 25 (2008–2009) *Lokal vekstkraft og framtidstru. Om distrikts- og regionalpolitikken*. Regjeringa vil leggje til rette for at alle skal vere frie til å busetje seg der dei ynskjer, og vil løyse ut verdiskapingspotensialet i alle delar av landet.

Dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla under Kommunal- og regionaldepartementet er ein ekstrainsats som skal styrkje grunnlaget for busetjing og verdiskaping i område og landsdelar med særlege utfordringar, og skal i hovudsak brukast innanfor det distriktspolitiske virkeområdet. Nokre av midlane kan nyttast utanfor virkeområdet for å medverke til å løyse ut regionale potensial for verdiskaping. Bruken av midlane må også sjåast i samanheng med nordområdestrategien til regjeringa og med departementet sitt arbeid for mellom anna forskingslyft i nord og auka entreprenørskap.

Midlane skal medverke til å styrkje verdiskapinga i næringsmiljø og utvikle attraktive arbeidsplassar ved å fremje innovasjon, omstilling og nyetableringar. Midlane skal òg medverke til å utvikle lokal infrastruktur, kompetanse og attraktive stader.

Departementet legg vekt på tiltak som kan påverke val av bustad og medverke til entreprenørskap. Kvinner, unge (18–35 år) og innvandrarar er framleis prioriterte grupper.

Departementet ber SIVA vidareføre arbeidet for å auke innovasjonstakta i Nord-Noreg for å realisere nordområdestrategien til regjeringa.

3 Nærare om målstrukturen og dei einskilde postane og ordningane

Departementet har sett opp ein heilskapleg målstruktur for dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla over programkategori 13.50. Målstrukturen skal vere dekkjande for alle tiltak det er aktuelt å bruke dei økonomiske midlane til, og er grunnlaget for registrering- og rapporteringssystemet til departementet.

Satsingane under kap. 552, post 72 høyrer inn under hovudmål 1 i denne målstrukturen og fordeler seg vidare på to arbeidsmål, jf. tabell 2.

Tabell 2. Samanhengen mellom arbeidsmål og program under SIVA, med ei samla økonomisk ramme på 83,3 mill. kr i 2012.

Arbeidsmål	Program og satsingar	Tildeling i 2012. Mill. kr
1.1 Styrking av næringsmiljø	Næringshageprogrammet	40,0
	Inkubasjon (FoU, industri, mat og natur)	29,3
	Regionalisering og nettverk	3,0
1.3 Entreprenørskap	Kvinnovasjon	11,0

Nedanfor følgjer ei konkretisering av bruken av midlane på utvalde tema under kvart arbeidsmål. Vi syner elles til planane for dei einiskilde programma når det gjeld mål og forventa resultat av innsatsen. Administrasjons- og gjennomføringskostnader som knyter seg til dei ulike aktivitetane og programma, skal dekkjast innanfor dei gjevne rammene for programma.

Arbeidsmål 1.1

Næringshageprogrammet: Det er sett av 40 mill. kr til næringshageprogrammet for 2012. Hovudmålet for det nye programmet skal vere å medverke til auka verdiskaping gjennom å leggje til rette for utvikling av kunnskapsarbeidsplassar i distrikta.

Med atterhald om at Stortinget løyver dei nødvendige midlane, tek departementet sikte på at det nye programmet skal gå over ti år. Dette inneber ikkje at dei einiskilde næringshagane er sikra finansiering i ti år om dei blir tekne opp i programmet. SIVA skal med jamne mellomrom evaluere om verksemda i næringshagane er i samsvar med dei vilkåra som blei stilte ved opptak i programmet.

Departementet sluttar seg elles til den reviderte programplanen som vi fekk oversendt frå SIVA den 12.12.2011 og legg til grunn at programmet blir gjennomført i samsvar med denne planen. Dette inneber mellom anna at eventuelle framlegg om opptak av næringshagar utanfor det distriktspolitiske virkeområdet skal avklarast med departementet.

Inkubasjon (tidlegare: FoU-inkubatorprogrammet, Industri-inkubatorprogrammet og Inkubatorprogram for mat og naturbaserte næringar): Programmet Inkubasjon får tildelt 29,3 mill. kr for 2012.

Inkubatorprogramma til SIVA blir førte vidare gjennom ei ny og meir fleksibel inkubatorsatsing der dei ulike inkubatorprogramma kjem inn under same paraplyen. Målet med programmet er å få til auka verdiskaping gjennom å utnytte gode idear frå FoU-, nyskappings- og industrimiljø på ein endå betre måte enn tidlegare. Auka profesjonalisering av inkubatortenestene skal vektleggjast. Departementet legg til grunn at hovud-elementa i dei noverande programma blir førte vidare i den nye satsinga, men at mål, krav og rammer blir tilpassa ambisjonen om å vidareutvikle og styrkje inkubatorkonseptet. SIVA kan avgjere kva for rammeverk som skal gjelde for eventuelle nye inkubatorar som blir tatt opp i programmet, eller ved vidareføring av eksisterande inkubatorar. Den nye inkubatorsatsinga gjev òg grunnlag for å utvikle nye bransjeretta satsingar om dette er føremålstenleg. SIVA må sjølv vurdere kva for element i det nye programkonseptet ressursituasjonen gjev høve til å setje i verk i 2012.

Departementet legg til grunn at programmet skal gå over 2 x 5 år, med ei evaluering etter dei første fire–fem åra. Evalueringa blir avgjerande for vidareføring og innretting

i andre programperiode. SIVA kan gjennomføre ein årleg utlysingsrunde der nye inkubator-miljø kan søkje om opptak i programmet.

Nærings- og handelsdepartementet og Landbruks- og matdepartementet kjem også i 2012 til å delta i den nye satsinga. Midlane frå KRD skal som tidlegare rettast mot inkubatormiljøa utanfor universitetsstadene. SIVA må føre rekneskap som gjer det mogleg å identifisere kva for type inkubator eller rammeverk ein opererer med på dei ulike stadene, og kor ein har nytta midlar frå dei ulike departementa.

Departementet ber SIVA arbeide aktivt for å sikre at tilbodet av inkubatortenester blir så likt som råd i alle delar av landet. SIVA skal leggje særleg vekt på å utvikle inkubatortilbod for idear og bedrifter med vekstpotensial innanfor det distriktspolitiske virkeområdet.

Midlane til inkubasjon kan ikkje nyttast til oppretting av eigenkapitalinstrument i regi av innovasjonsmiljøa.

Regionalisering og nettverk: Til dette arbeidet er det sett av 3 mill. kr for 2012. Midlane skal gå til dei innovasjonsaktivitetane som SIVA driv i dei einskilde regionane, til samhandling mellom ulike innovasjonsselskap og til SIVA i rolla som pådrivar i regional og nasjonal verdiskaping. SIVA skal, innanfor ramma av denne løyvinga, føre vidare den innsatsen med utvikling av regionale innovasjonsselskap som er i gang.

Kultur/næring – kulturinkubator: Departementet har ikkje øymerkt løyvingar til satsing på kultur/næring i innovasjonsnettverket til SIVA for 2012. Departementet oppmodar likevel SIVA om å halde oppe eit eige engasjement retta mot prosjekt innanfor kultur/næring, bygd på dei ordinære løyvingane til dei aktuelle programma, sjå ovanfor.

Arbeidsmål 1.3

Kvinnovasjon: SIVA får i 2012 tildelt 11 mill. kr til arbeidet med å styrkje entreprenørskap blant kvinner. Etter planen skal arbeidet halde fram til og med 2013. Departementet syner til den følgjeevalueringa av satsinga som nett er gjennomført, og ber om at SIVA i budsjettinnspelet for 2013 vurderer Kvinnovasjon opp mot andre måtar å nå dei måla som er sette for denne satsinga, på.

4 Andre føresetnader

Vilkår og retningslinjer

SIVA skal sjå til at midlane blir disponerte i samsvar med dei vilkåra og føresetnadene som er tekne inn i budsjettproposisjonen for departementet for 2012, budsjettinnstillinga og vedtaket i Stortinget. Midlane skal disponerast i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten, programomtalane, retningslinjene for kap. 552, post 72 og regelverket for offentleg støtte innanfor EØS-avtalen (jf. vedlegg 1).

SIVA skal etablere system for tilskotsforvaltning i tråd med kap. 6 i *Bestemmelser om økonomistyring i staten*. Midlane skal forvaltest etter prinsippa for mål- og resultatstyring. Det er opp til SIVA sjølv å fastsetje nærare reglar og krav når det gjeld kontroll med mottakarar av tilskot. Departementet ber om at SIVA innan utgangen av året sender inn ei kortfatta framstilling av korleis kontrollen med tilskota blir utført. Departementet syner elles til det som står om internkontroll i retningslinjene.

SIVA skal varsle departementet om avvik frå dei vedtekne planane eller oppdragsbrevastraks verksemda får kjennskap til slike avvik.

Samarbeid med andre nasjonale aktørar og med fylkeskommunane

SIVA skal vidareføre samarbeidet mellom dei tre verkemiddelaktørane, mellom anna om felles programsatsingar som NCE-programmet og kvinnesatsinga. Departementet ber òg SIVA om å utvikle samarbeidet med fylkeskommunane og med andre aktørar vidare, til dømes Distriktssenteret og Ungt entreprenørskap.

Kommunikasjon og informasjon

SIVA skal aktivt synleggjere resultat som er oppnådde som følgje av innsatsen på politikkområdet til departementet, både overfor eksterne målgrupper og overfor departementet. SIVA skal orientere departementet i god tid før ein offentleggjer viktige utgreiingar som er gjennomførte, eller rapportar som er bestilte for midlar frå KRD. I tråd med dei avtalte rutineane skal SIVA varsle departementet om saker som kan bli store i media, både kontroversielle saker og saker som elles kan skape stor offentlig merksemd. Departementet forventar at SIVA kjem med framlegg til moglege profileringar, og at SIVA tek kontakt med departementet for å få avklara om departementet skal vere med på synleggjeringa av resultat og einskildsaker.

5 Rapportering og resultatoppfølging

Overføring av midlar

Departementet kjem til å overføre rammene til SIVA i like store delar tre gonger i året: i februar, juni og oktober. Midlane blir overførte til den same kontoen som i 2011 med mindre vi får melding om noko anna.

Rapportering

Departementet ber om at SIVA vurderer måloppnåinga for midlar frå departementet i den skriftlege årsrapporten.

Departementet ber òg om å få rapport om utviklinga i prosentdelen av kvinner i alle program og tenester for å synleggjere kjønnsbalansen når det gjeld deltakarar og den stønaden som er utdelt.


Rekneskap og kontroll med løyvingane

SIVA skal føre ein eigen rekneskap for bruken av midlane. Rekneskapen skal førast slik at det alltid går fram kva for aktør og kva for prosjekt som har fått midlar, og kor mykje. Både departementet og Riksrevisjonen kan be om innsyn i bruken av midlane.

Evalueringar

Økonomireglementet (§ 16) krev at det blir gjennomført evalueringar av dei ulike aktivitetane. Både SIVA som organisasjon og dei store programma er nyleg evaluerte. Det programmet som står for tur, er Inkubatorprogrammet for mat og naturbaserte næringar. Generelt er det viktig at SIVA allereie under oppstart og ved gjennomføring av alle program planlegg for framtidig evaluering av programmet, og at registreringane og rapporteringa blir utforma slik at arbeidet med seinare evaluering kan gjerast så enkelt som råd. Dette gjeld ikkje minst i samanheng med den nye satsinga på inkubasjon, der ein slår saman eksisterande program under ein felles paraply. Det er viktig å sikre at registreringa og rapporteringa blir lagde opp slik at ein seinare kan spore pengestraumane mellom anna i høve til geografi og målgruppe.

Med helsing


Liv Signe Navarsete

Vedlegg

1. Retningslinjer for bruk av kap. 552, post 72
2. Rammefordeling av programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk
3. Rapporteringsskalender for 2012
4. Krav, rapporteringsskjema og veileder til statistikkrapporteringen for virkemidlene fra KRD

Kopi til:

Distriktssenteret – Kompetansesenter for distriktsutvikling
Fylkeskommunane og Oslo kommune
Innovasjon Noreg. Hovudkontoret
Noregs forskingsråd
Nærings- og handelsdepartementet
Plan- og administrasjonsavdelinga i KRD
Riksrevisjonen